

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet/fylkestinget

Avvikling av bokbåttene i Sogn og Fjordane - utfyllande opplysingar, jf. FU-sak 136/14.

Fylkesrådmannen viser til vedtak av 26.11.14 i FU-sak 136/14 der det heiter: «Saka vert utsett til møte i fylkesutvalet 8. desember 2014, jamfør punkt 3a i tilrådinga frå hovudutval for kultur.»

Hovudutval for kultur hadde rådd til at det vart undersøkt nærare om det er mogleg å kunne inngå kortsiktig avtale om bokbåttene, dvs. ei eitt-årig avtale (pkt. 3a).

Møre og Romsdal fylkeskommune har teke på seg ansvaret for å forhandle fram ny avtale om bokbåttene, og fylkesrådmannen har vore i kontakt med dei om spørsmålet som vart reist i hovudutval for kultur. Fylkesrådmannen vil presisere at arbeidet med ny avtale er i ei førebunde fase. Dette gjer at det er usikkerheit knytt til svaret på dei spørsmåla som vert reist, då endelege svar først vil komme i/etter desse forhandlingane.

Fylkesrådmannen sine konklusjonar etter samtalanane med Møre og Romsdal fylkeskommune kan oppsummerast slik:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune har konkludert med at ei intensjonsutlysing er den mest hensiktsmessige måten å komme i gong med kontraktsforhandlingar på. Dette fordi det er avgrensa med fartøy i marknaden som har dei spesielle fasilitetane ein krev av ein bokbåt.
2. Gjeldande kontrakt med Vinnes skyssbåtservice går ut 31.8.2015. Ny kontrakt må vere signert før denne dato. Møre og Romsdal fylkeskommune legg opp til forhandlingar vinteren/våren 2015.
3. I dei førebelse drøftingane med båteigar (Vinnes skyssbåtservice) har ein 5-årig avtale vore utgangspunktet. På spørsmål frå Møre og Romsdal fylkeskommune skal båteigar ha stilt seg positiv til å drøfte ein eittårs avtale dersom dette er viktig for Sogn og Fjordane fylkeskommune sine endelege og langsiktige vurderingar/avklaringar.
4. Båteigar har gitt klare signal om at vi må rekne med kraftig auke i leigeprisen ved ny avtale. I inneverande år er døgnprisen for leige 14 980 kr + mva. I tillegg kjem mat/overnatting til 240 kr pr. dg + mva. pr. person. Sogn og Fjordane fylkeskommune betalar denne sesongen båtlege for 19 døgn. Fylkesrådmannen forstår signala slik at leigepris vil kunne bli høgare ved kortsiktig avtale enn ved ei langsiktig avtale.

Fylkesrådmannen vil i tillegg minne om at utover kostnadane til båtlege har fylkeskommunen også kostnader til bokkjøp, leige av bokmagasin (i Førdehuset), kulturprogram utover boklån, personal-kostnader mv. Kommunane betalar ein eigendel (timepris) pr. stopp. Fylkeskommunen sin netto kostnad med drift av bokbåten er om lag 1,3 mill. kroner på årsbasis. I tilrådd budsjett er det lagt inn ein reduksjon på 0,6 mill. kroner i 2015 og 1,3 mill. kroner frå 2016 knytt til at bokbåttene vert avvikla f.o.m. 1.september 2015.